

Styret i Helse Møre og Romsdal HF

Møtestad: Ålesund - Storhornet

Dato: 25.08.2021

Tidspunkt: 10:00 - 15:00

Til stades:

Namn

Kari-Anne Forsmo Thygesen

Hilde Furnes Johannessen

Ingve Theodorsen

Lodve Solholm

Gerd Marit Langøy

Toril Forbord

Bjarne Storset (Skype)

Anette Lekve

Paula Ness Skår

Janne Remøy Endresen

Leiar Brukarutvalet

Brukarutvalet

Varamedlem for

Sigurd Torvik Heian

Ikkje møtt:

Namn

Sigurd Torvik Heian

MEDL

Frå administrasjonen møtte:

Namn

Ingrid Fiskerstrand

Stilling

Utvallssekretær

Øyvind Bakke

Heidi Nilsen

May Helen Molvær Grimstad

Torstein Hole

Administrerende direktør

Ass. Administrerende direktør

Kommunikasjonsdirektør

Fagdirektør

Merknad i møte:

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
64/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
65/21	Orientering frå administrerande direktør
66/21	Orienteringssak - PET-skanner
67/21	Orienteringssak - SNR
68/21	Referatsaker - utan saksframlegg
69/21	Statusrapport for Juni og Juli 2021 - kvalitet, økonomi, aktivitet og gyldne regel
70/21	Vedtakssak - Etablering av Vardesenter i Helse Møre og Romsdal HF
71/21	Vedtakssak - Godkjenning av konseptrapport AIO Ålesund

64/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 64/2021 i møte den 25.08.2021

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

65/21 Orientering frå administrerende direktør

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 65/2021 i møte den 25.08.2021

Behandling

Styret fekk ei orientering frå administrerende direktør Øyvind Bakke om følgjande tema:

- Hurtigruta med motorstans
- Covidsituasjonen
- Økonomisk resultat
- Ventetider
- Evaluering sommerferie 2021
- Digitale konsultasjonar
- PET-Skann
- MR-henvisninger til Kristiansund
- Fødselsomsorg (Nordmøre og Romsdal, Ålesund, Volda)
- Direktør og ordførerne har besøkt Aure rehabiliteringssenter
- Høie har besøkt Volda og Ålesund sjukehus
- Nordstenstudien
- Nytt samarbeidsprosjekt med kommunene
- Pris til Volda sjukehus - Årets slagenhet 2021
- Nordisk kongress for revmatologi i Ålesund
- Ny fagdirektør etter Torstein Hole
- Utskrivingsklare pasienter - juli 2021

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

66/21 Orienteringssak - PET-skanner

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 66/2021 i møte den 25.08.2021

Behandling

Styret fekk ei orientering om prosjekt PET-skanner til Ålesund sjukehus frå klinikksjef for diagnostikk Per Erik Tødenes.

- Foreninga Sjukehuset Vårt og GE Healthcare har signert kontrakt på levering av PET-skanner høsten 2021.
- Første pasient er planlagt til desember 2021.

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

67/21 Orienteringssak - SNR

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 67/2021 i møte den 25.08.2021

Behandling

Styret i Helse Møre og Romsdal fekk ei statusoppdatering av SNR-prosjektet frå prosjektdirektør Knut Ragnar Heimdal

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende

68/21 Referatsaker - utan saksframlegg

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 68/2021 i møte den 25.08.2021

Behandling

Styret har fått følgjande referatsaker:

- Årsrapport 2020 Regionalt Brukerutvalg Helse Midt-Norge RHF
- Protokoll fra Foretaksmøte 30.06.21
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte Helse Møre og Romsdal 23.08.21 (ettersendt 24.08.21)

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende

69/21 Statusrapport for Juni og Juli 2021 - kvalitet, økonomi, aktivitet og gyldne regel

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 69/2021 i møte den 25.08.2021

Behandling

Styret fekk ein statusrapport over ventetider/fristbrot/strykningar frå fagdirektør Torstein Hole.

- Ventetida ligg framleis lavare enn gjennomsnittleg ventetid i Noreg
- Det har vore ei positiv utvikling av talet på fristbrot det siste året.

Styret fekk ein statusrapport juli 2021 økonomi og HR av økonomidirektør Trine Sperre.

- Helse Møre og Romsdal viser ein underliggende god drift

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal tek statusrapport juni og juli 2021 til vitende.

70/21 Vedtakssak - Etablering av Vardesenter i Helse Møre og Romsdal HF

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 70/2021 i møte den 25.08.2021

Behandling

Styret fekk ein presentasjon frå klinikkisjef for kreftbehandling og rehabilitering Journ Bøyum - planer om etablering av Vardesenter i Helse Møre og Romsdal - lokalisert ved Ålesund sjukehus.

De fire grunnpilarene i et Vardesenter er:

- Fysisk aktivitet
- Kosthold og ernæring
- Psykososial støtte
- Rehabilitering og mestring

Vedtak

Styret i Helse Møre og Romsdal vedtek følgjande:

Styret for Helse Møre og Romsdal gir tilslutning til etablering av Vardesenter ved Ålesund sjukehus under føresetnad av at Kreftforeningen fattar eit positivt vedtak i sitt styre og at ekstern finansiering er på plass.

71/21 Vedtakssak - Godkjenning av konseptrapport AIO Ålesund

Styret i Helse Møre og Romsdal HF si behandling av sak 71/2021 i møte den 25.08.2021

Behandling

Styret fekk presentasjonar ang. sak - Godkjenning av konseptrapport AIO frå:

- Viseadministrerende direktør Heidi Nilsen
 - status utviklingsprosjekt bygg for å sikre fremtidig pasientbehandling

- Konseptrapport - AIO
- Prosjektleder Anne Flo
 - Konseptfasen - AIO
- Økonomidirektør Trine Sperre
 - AIO-bærekraft

Vedtak

Styret i Helse og Møre og Romsdal vedtek følgende:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF (HMR) legg gjennom denne styresaka fram si tilråding overfor Helse Midt-Norge RHF (HMN), for val av konsept for AIO- prosjektet med opsjonar slik som skissert i denne saka med vedlegg. Styret tilrår vidare at AIO prosjektet går over i forprosjektfasen so snart som mogleg.
2. Styret ber administrerande direktør om å leggje fram eit mandat for forprosjektfasen til neste styremøte i september.
3. Styret vil gje ros til tilsette, tillitsvalte, verneombod, brukarar og prosjektorganisasjonen for eit solid og raskt gjennomført arbeid med utgreiinga av AIO konseptet.
4. Styret vil tilrå anbefalt alternativ for akuttmottak, intensiv, operasjon, ny hovudinngang og ombygging vestibyle sør (AIO 1+2). I tillegg vil Styret tilrå anbefalt tilbygg over vestibyle sør for dagbehandling, utbetring av ventilasjon med faseinndeling 0-6 + 10 og universell utforming av adkomst nord (AIO 3).
5. Styret føreset at helseføretaket kjem til einigheit med Statens Veivesen om økonomisk kostnadsdeling for adkomst nord innanfor gjeldande økonomiske rammer.
6. Styret tilrår følgende rammer:
 - a) Styringsmålet for AIO prosjektet, P50, 922 MNOK (mai 2021 kroner).
 - b) Kostnadsramme for prosjektet P85, 1029 MNOK (mai 2021 kroner).
7. Styret ber om at Helse Midt Norge søker om nasjonalt lån